



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Gjemnes kommune

Dato: 03.06.2019

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

FRILUFTSLOVA – BETALING FOR PARKERING PÅ FURSETFJELLET

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om ålmenta sine rettar samt gratisprinsippet i vår friluftsløva. Vi ser at på ein del turparkeringsplassar i fylket vårt er det satt p-avgift. På Fursetfjellet i Gjemnes kommune er det ein slik turparkeringsplass som er statleg sikra og som er eigd av stat og som no Batnfjorden Idrettslag (?) tek avgift på. Av anna infrastruktur på parkeringsplassen er det eit toalett som mykje godt er stengt. Rett ved parkeringsplassen er det etablert eit skianlegg i dei seinaste år. Det ligg også ein del hytter i nærheita av parkeringsplassen på Fursetfjellet. Dette er også den einaste rasteplassen for vogntog på fjellovergangen.

Fylkesmannen skriv om «Sikra friluftsområde - inngangspengar og parkeringsavgift» i brev av 01.12.2008; «Det er i prinsippet ikkje lov å ta parkeringsavgift for desse p-plassane som er knytt til ålmenta sin tilgang til lovleg fri ferdsel. Om parkeringsavgift blir nytta må avgifta stå i høve til dei tiltak som er gjort på området til fordel for friluftsfolket. På sikra friluftsområde meiner ein her at det ikkje skal takast parkeringsavgift som i sum overstig årleg vedlikehaldsutgifter for parkeringsplassen. Det er ikkje mogleg å ta avgift for utgifter til vanleg tilrettelegging (toalett, renovasjon, fortøyningsplassar, bål-/grillplassar, løypepreparering og liknande) på sikra friluftsområde.»

FNF Møre og Romsdal er av den oppfatning at det er prinsipielt feil å avgiftsbelegge eit statleg sikra friluftsområde som her på Fursetfjellet. Om ein eventuelt skal avgiftsbelegge turfolket må dette stå i forhold til utgiftene. Vi stiller også spørsmål om kor store faktiske brøyteutgifter det er det på staden i høve til pengane som tekne inn i parkeringsavgift. Avslutningsvis vil vi også peike på at jfr siste kommentarutgåva av friluftsløva (Friluftsløven

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

med kommentarer av Marianne Reusch av 2016) står det om bortvisningsrett at § 14 i friluftsløva neppe kan brukast til å bortvise ein som trossar pålegg om betaling.

På dette grunnlaget ber vi Gjemnes kommune gjere turparkeringa på Fursetfjellet gratis slik som hensikta er med sikringa av friluftsområdet.

Helsing

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Molde kommune
Kristiansund kommune
Statens Vegvesen